



## Referat

Til stades:	sjå eiga deltakarliste
Forfall:	
Møteleiar:	Aase B. Njøs
Referent:	Atle Baaserud

## Møte i Vokskom 29. oktober 2020

Tidspunkt: 10.00 – 14.00 (ytre møteramme)

Møtestad: Teams digitalt

### Sak 1: Erfaringsdeling/ tilbakeblikk

Vi starta møte med ein rask presentasjon av nye deltakarar. Deretter tok vi ein runde der fylkeskommunen og aktørar i dei ulike regionane fortalde om erfaringane frå arbeidet i 2020. Fleire fortalde at planlagt aktivitet har vore endra på grunna koronasituasjonen. Nokre har utsett kurs/foredrag og har difor ikkje fått gjennomført den kompetansehevinga dei hadde tenkt. Andre har gjennomført kurs/foredrag og hatt møte digitalt. Fylkeskommunen fortalde at dei ikkje har hatt høve til å gjennomføre aktivitet knytt til utviklingsarbeid på grunn av arbeidet med intern omorganisering, men at dei har planar om å gå gjennomføre dette etter kvart.

### Sak 2: VLFK om vaksenopplæringa og tilsettmobilitet

Vestland fylkeskommune orienterte om at dei har søkt på eit program knytt til tilsettmobilitet for tilsette i vaksenopplæringa. Det er eit Erasmus+-program som gjeld perioden 2021-2027. Dersom fylkeskommunen får innvilga søknaden, vil dei kunne gjennomføre ulike mobilitetsaktivitetar for tilsette som jobbar med vaksenopplæring. Dei ser føre seg at det kan vere ulike deltakarkommunar kvart år, og at dette kan nå ei stor målgruppe. Det er meir informasjon om programmet på Diku sine nettsider: <https://diku.no/programmer/erasmus-2021-2027-mobilitet-for-ansatte-i-vaksenopplaeringen>.

### Sak 3: Bruk av midlar

Fylkesmann orienterte om at Kompetanse Noreg oppmodar kommunane om å vere fleksible, og at kompetansemidlar kan nyttast til dømes til digital kompetanseheving og lokale arrangement med lokale føredragshaldarar. Her kan ein vere kreativ og innovativ. Høgskulen på Vestlandet fortalde at dei har eit kompetansemiljø som jobbar opp mot målgruppa, og at dei samarbeider tett med Kompetanse Noreg. Dei fortalde vidare at det er mykje aktuell tematikk i ordninga som

dei er interessert i, men at dei til no har vore lite involverte. Einskilde regionar fortalte at dei har henta inn folk frå UH-miljøa som føredragshaldarar til samlingar og liknande.

#### **Sak 4: Rapportering**

Fylkesmann orienterte om kva vi ønsker å innhente opplysningar om i rapporteringa for 2020. Frist er 1. februar 2021. Dei som ikkje har brukt opp midlar må søkje om å overføre desse til 2021. Det er viktig at vi får innrapportert tal på deltakarar, då dette vert lagt til grunn for midlar vi får tildelt frå direktoratet. Fylkesmannen vil sende ut eit digitalt rapporteringsskjema som kan nyttast. Vi vil også innhente opplysningar om kor mykje midlar som vert overført til 2021, og frist for dette blir 25. november. Dette kjem altså i tillegg til den ordinære rapporteringa.

#### **Sak 5: Tildeling 2021**

Fylkesmann orienterte om tildelinga for 2021. Det blir same grunnlag som i 2020. Kompetanse Noreg har som mål å få ut tilsegnsbrevet raskt. Deretter hadde vi ein diskusjon om tildelingsmodellen. Fleire tok til orde for å nytte same tildelingsmodell som i 2020, der vi fordeler midlane regionvis til dei seks kompetanseregionane i sør, og til leiarnettverket i nord (på vegne av dei fire kompetanseregionane i nord/tidlegare Sogn og Fjordane). Denne tildelingsmodellen vart vedteken også for 2021. I tillegg kom det innspel på at det er viktig Fylkesmannen øyremerkar tildelinga som går ut til dei einskilde kommunane (for kompetanseregionane). Vi tek dette med oss.

#### **Sak 5: Ymse**

Fylkesmann orienterte om nettsida for kompetanseordninga, og oppmoda til at folk kan melde inn positive erfaringar/reportasje til oss som kan nyttast i kommunikasjonen. Det var og oppmoda til meir bruk av Teams-plattformen vår, og at den blir nytta til erfaringsdeling og tips til dei andre. Einskilde i forumet fortalde at dei ikkje hadde tilgang. Dei dette gjeld kan sende ein e-post til FM v/ Aase, så vil vi sende ut ny invitasjon til dei. Det kom elles innspel på at også neste møte i samarbeidsforum bør vere digital, via Teams, og at møte gjerne kunne vere i mars 2021. Fylkesmannen har med bakgrunn i dette sett møtedato 11. mars. Kl. 10:00-12:00.